



Fleire har gjort ein innsats med restaurering av den skada piren i helga. Her er Birger Myklebust, Johan Sunde, Øystein Kvaløy, Kristian Stensletten og Tor Edvard Taranger i arbeid. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette er viktige dagar for Uskedal Båtlag. Den stormskadde piren utanfor moloen blir reparert no i palmehelga og måndag skal det utsette årsmøtet haldast på Stemneplassen.

Det har vore arbeidd iherdig dei siste dagane med å få på plass att nye elementer til erstatning for dei som var skada.. Mellom anna gjaldt det den yste delen av gangvegen, som var øydelagt av stormen og som Eidsvik Skipsbyggeri sveisa opp at og fekk på plass sjøvegen.



Leiar i båtlaget Harald Erdal er eigentleg pensjonist, men restaureringa av Uskedalen-piren har vore ei tung oppgåve. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Deretter kom turen til uteliggjarane. Det er laga tre nye i Dimmelsvik til erstatning for dei som vart øydelagd.

Laurdag kveld var den skada piren teken i bruk att – dei tre første båtane var på plass. Men nye og kraftigare bølgebrytarar kjem ikkje før det har gått nokre veker. Inntil dei nye kjem må dei tre gamle og til dels skamferte betong-elementa på utsiden av piren gjera nytta.

Under årsmøtet skal dei framfor alt drøfta opptak av eit lån på 300.000-400.000 kroner for å fullfinansiera reparasjonen. Forsikringsselskapet IF ynskjer ikkje å betala ut meir enn 600.000-700.000 kroner og vil erstatta berre to av dei tre elementa.

Av Ola Matti Mathisen



Laurdag kveld var tre båtar på plass att ved piren. (Foto: Ola Matti Mathisen)